



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 07.05.2015 kl. 15:15-19:15

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar	
Anne Grethe Lien	Nestleiar	
Inger Lise Saltskår	Medlem	(Ikkje til stades under sak 23)
Kari Berit Ness	Medlem	
Reidun Melvær Norheim	Medlem	(Ikkje til stades under handsaming av spm. 1,22-27 i sak 23.)
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Linda Karin Solheim	Medlem	
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	(Ikkje til stades under handsaming av spm. 1, 22-27 i sak 23.)
Jorunn Ringstad	Medlem	
Åge Guddal	Medlem	

### Forfall:

Jostein Vidar Takle	Medlem
---------------------	--------

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2015/17		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2015/18		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2015 og 12.04.2015	RUNE ZIENER
SR 2015/19		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
SR 2015/20		Kyrkjevalet 2015. Godkjenning av kandidatliste.	RUNE ZIENER
SR 2015/21		Kyrkjevalet 2015. Fastsetjing av tider og stader for kyrkjevalet 2015.	RUNE ZIENER
SR 2015/22		Oppheving av prestanes buplikt - høyring	RUNE ZIENER
SR 2015/23		Vegval for framtidig kyrkjeordning. Høyring	RUNE ZIENER
FR 2015/24		Rehabilitering. Kvammen kapell. Val av tilbydar til prosjektering.	RUNE ZIENER

Askvoll, 07.05.2015

Rune Ziener  
Referent.

---

## **SR 2015/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som den ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som den ligg føre.

---

## **SR 2015/18 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2015 og 12.04.2015**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2015 som den ligg føre.

2. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.04.2015 som den ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2015 som den ligg føre.

2. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 12.04.2015 som den ligg føre.

---

## **SR 2015/19 Skriv og meldingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

M 18/2015 KRYSS Revisjon: Revisjonsmelding 2014 - Askvoll sokn (15.04.2015)

M 19/2015 Askvoll kyrkjelydsutval: Referat frå møte i Askvoll kyrkjelydsutval (16.04.2015)

M 20/2015 Atløykoret: Stoda ved Vilnes kyrkje (21.04.2015)

M 21/2015 Bulandet kyrkjelydsutval: Klage til soknerådet (28.04.2015)

M 22/2015 Askvoll soknemøte: Protokoll (12.04.2015)

M 23/2015 Askvoll sokneråd, v/AU: Møte med tilbydarar av konsulenttenester (23.04.2015)

M 24/2015 Kontaktmøte med kommunal leing (27.04.2015)

M 25/2015 Gåve frå Herland Bedehusforening  
M 26/2015 Orientering om framdrift, Kvammen kapell  
M 27/2015 Orientering om framdrift, Askvoll gravplass

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

---

## **SR 2015/20 Kyrkjevalet 2015. Godkjenning av kandidatliste.**

### **UTGREIING**

Askvoll sokneråd har motteke éi kandidatliste til soknerådsvalet 2015 innan fristen (01.05.2015). Etter valreglene § 7-4 skal valstyret "*undersøke om kandidatene og forslagsstillerne oppfyller de lovbestemte vilkår og avgjør om forslagene til kandidatlistene skal godkjennes*".

Kyrkjeverja har undersøkt om lista stettar dei formelle krava, og skal såleis verte godkjent.

Merknad til listeforslaget:

Lista har 11 forslagsstillarar der det er eit minstekrav om 10 forslagsstillarar.

Det skuldast at ein av forslagsstilarane ikkje er busett i valkrets i soknet, og tillitsvalde har derfor fått ein annan signatur.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner den innkomne kandidatlista til soknerådsvalet 2015.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner den innkomne kandidatlista til soknerådsvalet 2015.

---

## **SR 2015/21 Kyrkjevalet 2015. Fastsetjing av tider og stader for kyrkjevalet 2015.**

### **UTGREIING**

Etter valreglene § 3-1, skal kyrkjevalet skje "*samtidig med og i lokaler i umiddelbar nærhet av valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre*".

Videre skal etter § 3-3 valstyret bestemme "*i hvilke lokaler stemmegivningen skal foregå. Lokalene skal ha god tilgjengelighet. Det skal ikke benyttes samme rom som det andre samtidig pågående offentlige valget benytter. Kommunens stemmekretser skal følges. Der disse ikke samsvarer med soknegransene eller de kirkelige stemmekretsene, kan valgstyrene i de berørte sokn inngå*".

*samarbeid om avviklingen av valget i en stemmekrets. På hvert stemmested foregår stemmegivningen for en viss del av manntallet."*

Vidare skal valstyret kunngjere tider og stader for førehandsrøysting (§ 9-3).

Soknet har frist 01.06.2015 å registrere opplysningar om tider og stader for valting og førehandsrøysting i Den norske kyrkje sitt medlemsregister sin valmodul, slik at valkort kan verte sendt ut sentralt.

Det var koordineringsmøte mellom kyrkja og kommunen sine valstyre 21.04.2015 (kyrkjeverja som valstyret sin sekretær møtte på vegne av kyrkja sitt valstyre).

Valkretsene for kommune- og fylkestingsvalet er sett, men det ligg enno ikkje føre endeleg vedtak om vallokala eller tider og stader for førehandsrøysting. Desse sakene skal handsamast i Askvoll formannskap seinare.

Askvoll sokn sitt valstyre kan fatte vedtak om at valstyret sin leiar kan gjere endelege avtalar om vallokala med kommunen sitt valstyre.

Førehandsrøystinga skal skje i perioden 10. august til 11. september.  
Den bør skje på Askvoll kyrkjekontor i kontoret si opningstid.

Ein bør legge til rette for førehandsrøysting på institusjon (Askvollheimen). Dette bør koordinerast med tilsvarande førehandsrøysting til kommune- og fylkestingsvalet.

## **INNSTILLING**

1. Valtinget for kyrkjevalet 2015 skjer samtidig med og i lokale nær/eller i umiddelbar tilknytning til vallokala for kommune- og fylkestingsvalet.
2. Leiar i valstyret har fullmakt til detaljavklaringar i forhold til vallokala med kommunen sitt valstyre.
3. Førehandsrøystinga for kyrkjevalet skjer i perioden 10. august til 11. september på Askvoll kyrkjekontor i kontoret si opningstid.
4. Førehandsrøysting på Askvollheimen skjer i samband med førehandsrøystinga her til kommune- og fylkestingsvalet. Leiar i valstyret har fullmakt til detaljavklaringar her.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Valtinget for kyrkjevalet 2015 skjer samtidig med og i lokale nær/eller i umiddelbar tilknytning til vallokala for kommune- og fylkestingsvalet.
2. Leiar i valstyret har fullmakt til detaljavklaringar i forhold til vallokala med kommunen sitt valstyre.
3. Førehandsrøystinga for kyrkjevalet skjer i perioden 10. august til 11. september på Askvoll kyrkjekontor i kontoret si opningstid.
4. Førehandsrøysting på Askvollheimen skjer i samband med førehandsrøystinga her til kommune- og fylkestingsvalet. Leiar i valstyret har fullmakt til detaljavklaringar her.

---

## **SR 2015/22 Oppheving av prestanes buplikt - høyring**

### **UTGREIING**

Kulturdepartementet har vedteke å oppheve ordninga med buplikt for prestane, gjeldande frå 01. september 2015.

Ein ønskjer i samband med dette å kartlegge kva prestebustader som skal takast vare på og ikkje leggst ut for sal.

To typer bustader kan vere ønskeleg å ta vare på:

- 1) Bustader med høg kyrkjehistorisk eller kulturhistorisk verdi.
- 2) Bustader i område der det er ekstra vanskeleg å rekruttere til prestestillingar.

Bjørgvin bispedømmeråd har invitert sokna i bispedømmet til høyring i saka. Høyringsfrist er sett til 01. mai, men Askvoll sokn har fått utsett frist til etter soknerådsmøte 07. mai.

Prosten i Sunnfjord har i sitt høyringssvar skrive om Askvoll prestegard (i samband med uttale om prestebustadane i Sunnfjord):

Askvoll prestegard har vore eit kultursete heilt til bake til mellomalderen og ligg sentralt til i landskapet ved sida av kyrkja. Huset som står der no vart bygt i 1905 på same tom som huset frå 1842.

Fleire historiske hendingar og personar er knytt til prestegarden.

- Sokneprest Christen Jenssøn ( 1606- 1653) skreiv Noregs første ordbok: *En liden bog* i 1646.
- Første fastskulen og første postopneriet var i prestegarden
- Særleg lang kastanjeale vart planta ved den gamle prestegarden
- Prestegarden var staden for dyresjå.

Kring 2000 vart prestebustaden restaurert og fekk tilbake fleire element i fasade, som let seg påvise i gamle bilete. Prestebustaden og hagen har god standard og vil vere fremjande for rekruttering.

(...)

*Prestebustaden i Askvoll bør avgjort takast vare på med omsyn til rekruttering. Det kan bli svært vanskeleg å kjøpe og selje eigen bustad. Med tanke på reise til øyane er det viktig at det bur ein prest i Askvoll. Soknepreststillinga vart lyst ut 5 eller 6 gonger ved sist tilsetjing. Då kapellanstillinga vart ledig i 2006 vart den lyst ut 4 eller 5 gonger utan kvalifiserte søkjarar. Stillinga vart deretter omgjort til spesialprest for born og unge i Fjaler og Askvoll og tilbode prest som bur i eigen bustad i Dale.*

(...)

*Mi tilråding er slik i prioritert rekkefølge med omsyn til rekruttering:*

**1. Askvoll...**

***Av omsyn til rekruttering og kyrkje- og kulturhistorisk verdi er det viktig å halde på prestebustaden i Askvoll, Hyllestad og Florø.***

Kyrkjeverja har ikkje gjort eigne vurderingar om prestebustaden. Askvoll sokneråd kan velje å stille seg bak prosten sine synspunkt.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd ønskjer at Askvoll prestegard skal verte teken vare på som prestebustad både av omsyn til kyrkje- og kulturhistorisk verdi og av rekrutteringsomsyn.

2. Ein viser vidare til prosten i Sunnfjord sitt høyrings svar i saka, der Askvoll prestegard vert høgst prioritert i prostiet.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer at Askvoll prestegard skal verte teken vare på som prestebustad både av omsyn til kyrkje- og kulturhistorisk verdi og av rekrutteringsomsyn.
2. Ein viser vidare til prosten i Sunnfjord sitt høyrings svar i saka, der Askvoll prestegard vert høgst prioritert i prostiet.

---

## SR 2015/23 Vegval for framtidig kyrkjeordning. Høyring

### UTGREIING

Askvoll sokneråd har i sak SR 2015/15 oppretta eit ad hoc-utval som skulle gi ei instilling til soknerådet i høyringssak om "Vegval for framtidig kyrkjeordning".

Utvalet har ikkje laga eit samrøystes høyrings svar, men legg fram to høyringsalternativ til soknerådet.

Dei to høyringsalternativa tek kvar for seg mål av å vere konsistente i høve modelltenking.

Dersom utvalet får høve til vidare arbeid før soknerådsmøtet 07. mai, vert tilleggsarbeidet lagt fram i møtet.

Høyringsnotatet i både fullversjon og kortversjon ligg på denne nettadressa:

<http://kirken.no/veivalg>

Høyrings svaralternativa:

Svaralternativ frå Rune Ziener:

<p><b>1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?</b></p>	<p>Svar: JA.</p> <p>Når ein no skal teikne ein ny kyrkjemodell etter at relasjonen mellom stat og kyrkje vert endra, må ein gripe dei mogelegheitene som ligg i ein ny situasjon, der heile kyrkja skal vere «herre i eige hus». Avgjerande moment som ligg i botn for våre vurderingar er at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vi skal framleis ha ei landsdekkjande, engasjert og levande folkekyrkje, som sikrer alle eit kyrkjeleg tilbod, og at ein opplever eigarskap og tilhørigheit til kyrkja lokalt.</li><li>- Vi vil styrke soknet og den lokale kyrkje ved å gje soknet meir ansvar,</li></ul>
---	---

*større sjølvråderett og auka styring med dei lokale ressursar.  
- Vi ønskjer ein optimal ressursutnytting, og vil derfor legge til rette for forenkla og meir ressurseffektive strukturar og bygge ned fordyrande byråkrati.*

Vi ser det som avgjerande at soknet skal vere grunneininga i Den norske kyrkje med status som sjølvstendig rettssubjekt, og er derfor glad for KM-vedtak 11/15 pkt. 3, 2. strekpunkt som ønskjer ei lovregulering av soknets sitt rettssjølvstende.

I samsvar med KM-vedtak 08/05 pkt. 4, skal vi ha tre forvaltningsnivå i Den norske kyrkja.

Vi ønskjer meir formell mynde til organa som ligg nær soknet for å skape større lokalt ansvar og råde- og styringsrett over lokale ressursar. Med den varsla kommunereforma vil vi no framover få større fellesrådsområde som er meir robuste og kompetente t.d. i forhold til utøving av utvida arbeidsgivaransvar.

Vi ser med uro på ein alternativ modell der ansvar og mynde i soknet vert overført til bispedømmerådsnivået, der t.d. dagens modell med finansiering av verksemda lokalt vil verte erstatta med ein tilskotsordning der ein gir tilskot oppover i systemet. Ein vil då misse det nære samarbeidet med politisk styring i kommunane, og den lokale ansvarskjensle og engasjementet blant kommunepolitikarane vil kunne verte svekka.

På bakgrunn av dette vil vi primært ha eit styrka mellomnivå på (justert) fellesrådsnivå, og som er soknet sitt organ, som får overført mynde og ansvar som i dag ligg hos bispedømmerådet, t.d. arbeidsgivaransvar for prestar som arbeider i lokalkyrkja.

**2. Deler  
høringsinstansen  
Kirkerådets vurdering  
om at dagens**

Svar: JA.  
Dagens finansieringsordning vil kunne vere med å bidra til hø  
engasjement for lokalkyrkja for dei lokale bevilgande styre

<p><b>finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?</b></p>	
<p><b>3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.</b></p>	<p>Svar: Livssynsavgift. Vi er likevel urolige for at ei anna finansieringsordning enn ordning med ei landsdekkjande folkekyrkje.</p>
<p><b>4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?</b></p>	<p>Svar: Redusere talet forvaltingsnivå til tre. Ved å etablere større einingar på mellomnivå (justert fellesrådsnivå) vil ein mange stader kunne drifte langt meir effektivt enn i dag. Med meir robuste fellesråd vil ein kunne styrke kompetansen og gi moglegheit for auka spesialisering og arbeidsdeling, særleg på forvaltingsområda.</p>
<p><b>5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?</b></p>	<p>Svar: Sokn med låge folketal bør i hovudsak slå seg saman. Sokna bør primært ha ein storleik som sikrer at ein kan ha ein profesjonell dagleg leiing. Dersom ein intensjon i å teikne ein ny kyrkjeleg organiseringsmodell har styrking av soknet som eitt av grunnprinsippa, er det avgjerande å setje dei små sokna i stand til å løyse oppgåvene sine. IRIS-rapport 2014/54 «Evaluering av den norske kirkes ordning» har dette som ett av sine hovedfunn at:</p> <p><i>«Menighetsråd et fremstår som et svakere organ når det gjelder å utøve målsettingene for sin virksomhet, enn hva kirkelig fellesråd gjør. Dette henger sammen med rammer og regler for ressurstildeling i menighetene og hvilke ressurser som menighetsrådet kan disponere. I mange sokn er det dessuten mangel på helhetlig ledelse utøvd på menighetsrådets ansvarsfelt. Mange steder må også mye av oppmerksomheten og de knappe ressurser man har rettes inn mot administrative og forvaltningsmessige oppgaver.»</i></p> <p>I den grad ein skal setje nasjonale kriterier til soknestorleik kan dei rettleiande kriteria kyrkjemøtekomitéen</p>



	<p>til KM-sak 08/2005 nyttast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Minst 1000 medlemmer i sokn i spreidtbygde strok</i></li> <li>- <i>Små nok geografiske forhold til at alle normalt ikkje bør ha meir enn 0,5t reiseveg til si kyrkje i soknet.</i></li> <li>- <i>At det er grunnlag for minst to årsverk i soknet</i></li> <li>- <i>At den kyrkjelege verksemda i eininga vert omfattande nok, til at ein kan ha tilstrekkeleg frekvens på gudstenestefeiringa og tilfredsstillande kvalitet på t.d. trusopplæringsarbeidet.</i></li> </ul> <p>Ei anna utfordring for små sokn fleire stader er å få nok kandidatar til å stå på soknerådslister. Større sokn kan avhjelpe denne problematikken.</p>
<p><b>6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?</b></p>	<p>Svar: JA.</p> <p>Soknet treng utvilsomt det heilt nære organet (soknerådet) som skal ha ansvar for det lokale kristelege livet i kyrkjelydane og som kjenner dei lokale tilhøva best, samtidig som soknet treng eit representativt organ (fellesrådet) med noko meir distanse og som samtidig har dei rette styringsinstrument og rett kompetanse til å ivareta øvrige forvaltningsoppgåver.</p>
<p><b>7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå) ?</b></p>	<p>Svar: På (justert) fellesrådsnivå. Dette vil mange stader vere samanfallande med eit prosti.</p>
<p><b>8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordeling en mellom menighetsråd og fellesråd?</b></p>	<p>Svar: Oppgåvefordelinga kan vere omtrent som i dag.</p>
<p><b>9 Bør all virksomhet i soknet</b></p>	<p>Svar: JA.</p> <p>Vi meiner at nærleiksprinsippet bør være utgangspunktet: oppgåvene må løysast</p>

<p><b>underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?</b></p>	<p>på lågast mogleg nivå. Styrings- og leiingsansvaret for prestetenesta bør óg verte lagt til soknets organ.</p>
<p><b>10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?</b></p>	<p>Svar: Der det ut frå medlemstal er grunnlag for dette, bør det vere tilsett ein dagleg leiar som ivaretek ein profesjonell dagleg leiing av soknet si verksemd. I prinsippet kan kven som helst av soknet sine tilsette ha dagleg leiarfunksjon, men det bør normalt ikkje vere soknepresten.</p> <p>Det mest avgjerande for dagleg leiing i soknet er at dagleg leiar er forplikta på rådets målformuleringar, planar og strategiar. Dagleg leiar må derfor vere tilsett på soknenivå.</p> <p>Dagleg leiar kan ikkje, ut frå habilitetsomsyn, ha fast sete i rådet. Dersom soknepresten vert dagleg leiar, må ordningsreguleringane ta høgde for dette.</p>
<p><b>11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?</b></p>	<p>Svar: Biskopen skal i ei ny kyrkjeordning vidareførast som ein samlande og identitetsskapande pastoral leiar. Biskopen skal sikre at prestetenesta sin eigenart som følgjer av ordinasjonen vert ivareteke. Biskopen sin primærfunksjon skal vere tilsynsfunksjonen. Tilsynet skjer primært gjennom vitasjen via rådgjeving og oppmuntring.</p>
<p><b>12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?</b></p>	<p>Svar: Biskopen skal kunne gi bindande pålegg, og vil slik også få ein parallellfunksjon til fylkesmannen i forhold til kommune. Vidare skal biskopen medverke i samband med tilsettingar i vigsla stillingar. I sin tilsynsfunksjon skal biskopen ha ein stab som støttar opp om denne oppgåva.</p>
<p><b>13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?</b></p>	<p>Svar: Ved ei direkte valordning i bispedømmet, noko som sikrar størst mogleg demokratisk legitimitet (jf. KM 09/2007 og Kyrkjerådets fleirtalsvurdering).</p>
<p><b>14 Bør bispedømmeråde</b></p>	<p>Svar: NEI. Bispedømmerådet er ikkje eit nødvendig rådsorgan i ein ny</p>

<p><b>t opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådetts rolle i kirkestrukturen?</b></p>	<p>kyrkjestruktur og bør såleis verte avvikla som forvaltingsnivå. Kyrkjemøtet har vedteke at talet forvaltingsnivå skal verte redusert til tre. Med kommunereformen vil talet kyrkjelege fellesråd verte vesentleg redusert, og forholda ligg til rette for meir robuste einingar, som samtidig vil sikre større nærhet og lokal forankring enn kva som ligg i modellen med å oppretthalde bispedømmeråda som einaste mellomnivå.</p>
<p><b>15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?</b></p>	<p>Svar: Jf. spørsmål 14: Bispedømmerådet er ikkje eit nødvendig rådsorgan i ein ny kyrkjestruktur.</p>
<p><b>16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?</b></p>	<p>Svar: JA.</p> <p>Alle tilsette som har sitt verke i kyrkja på lokalt nivå bør ha samme arbeidsgivar, noko som forpliktar alle som arbeider i verksemda på det samme planverk og dei lokalt vedtekne målformuleringar.</p> <p>Dette arbeidsgivarorganet må representere soknet, og vi meiner at (justert) fellesråd er best eigna, både fordi ein då sikrar nærleik til dei tilsette, og at det er geografisk samsvar mellom bevilgande myndigheit (kommune) og rådsorganet.</p>
<p><b>17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).</b></p>	<p>Svar: Alle arbeidsgivarfunksjonar for dei som arbeider i soknet bør ligge på mellomnivået (justert fellesrådsnivå). Biskopen er friteke alt arbeidsgivaransvar.</p>
<p><b>18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?</b></p>	<p>Svar: I liten grad.</p>
<p><b>19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten</b></p>	<p>Svar: Prestetenesta og dei andre vigsla medarbeidarane skal stå under tilsyn av biskopen. Vidare skal det i kvart arbeidsgivarorgan (justert fellesråd) vere ein kyrkjefagleg leiar/prost som</p>

<p><b>og andre vigslede tjenester?</b></p>	<p>særleg ivaretek den kyrkjelege identiteten, og som leier den kyrkjefaglege verksemda.</p> <p>Prestetenesta sitt sjølvstende har sitt grunnlag i ordinasjonen, og oppgåveutføringa vert ikkje påverka av arbeidsgivarspørsmålet.</p>
<p><b>20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?</b></p>	<p>Svar: Kyrkjemøtet er det sentrale rettssubjekt sitt øvste (representative) organ. Kyrkjemøtet skal som i dag vedta retningslinjer som gjeld heile kyrkja. I tillegg bør Kyrkjemøtet vere organet som arbeider inn mot Staten i budsjettspørsmål/bevilgningsspørsmål.</p>
<p><b>21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?</b></p>	<p>Svar: Kyrkjemøtet er sett saman av representantar for sokna i bispedømmma, gjerne med om lag samme tal representantar som i dag. For å sikre demokratisk legitimitet og unngå demografiske skeivheter skjer valet med ei kombinert valordning, der det både ein direkte valomgang på om lag halvparten av medlemmene og ein indirekte valordning i dei (justerte) fellesråda/prostia for resterande halvpart.</p> <p>Subsidiært vert Kyrkjemøtet sett saman av representantar for kvart justert fellesråd/prosti (om lag 150 stk?).</p> <p>I begge desse variantane av Kyrkjemøtets samansetning er i tillegg biskopane og dei sentralkyrkjeleg oppnemnte representantane med slik som i dag.</p>
<p><b>22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?</b></p>	<p>NEI.</p>
<p><b>23 Har høringsinstansen synspunkter på</b></p>	<p>Svar: Ikkje vurdert.</p>

<p><b>spørsmålet om ledelse av biskopene?</b></p>	
<p><b>24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?</b></p>	<p>Svar: Kyrkjerådet skal som i dag vere Kyrkjemøtet sitt arbeidsutval med delegerte fullmakter og som førebur saker for Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet skal vere sett saman representativt av medlemmer av Kyrkjemøtet, samt ha ein administrativ stab. Om bispedømmeråda vert lagt ned kan t.d. godkjenningssaker som ligg i bispedømmerådet verte lagt til Kyrkjerådet.</p>
<p><b>25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?</b></p>	<p>Svar: Ikkje vurdert.</p>
<p><b>26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?</b></p>	<p>Svar: Ikkje vurdert.</p>
<p><b>27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?</b></p>	<p>Svar: Ikkje vurdert.</p>

Høyringsvaralternativ frå Stein Hugo Fykse:

<p><b>1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?</b></p>	<p>Svar: Noverande oppgave- og myndighetsfordeling mellom dei ulike nivå og organ kan i hovudtrekk vidareførast (jfr fleirtal Kyrkjråd og Bispemøtet). Målet: Styrke det lokale</p>
---	---

	kyrkjelydsliv.
<b>2. Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?</b>	
<b>3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.</b>	
<b>4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?</b>	<p>Svar: Soknet er grunneininga i kyrkja. Soknerådet må styrkast (brei enighet om) for å ivareta det daglege livet i kyrkja (jfr bispemøtet, Kyrkjerådet)</p> <p>Støttefunksjonar for soknet som ikkje forutsett fortløpande lokal styring kan sentraliserast til mest tenleg nivå (jfr bispemøtet)</p> <p>Ein må unngå parallelle, potensielt rivaliserande strukturar i kyrkjeorganisasjonen (jfr bispemøtet).</p>
<b>5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?</b>	<p>Svar: Soknet skal vere grunnleggande eining. Det bør vidare og på sikt arbeidast vidare med spørsmålet om kva som er ein hensiktmessig størrelse på sokna. Her må og geografi vektleggast og ikkje utelukkande medlemstal pr. sokn.</p>
<b>6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?</b>	<p>Svar: Ordninga med to organ for soknet kan, men må ikkje vidareførast. Viktigast at soknerådet framleis har virksomhetsansvaret for arbeidet i soknet og at eit evt fellesråd har støttefunksjonar for soknet (jfr intensjon Kyrkjelova). Ved eit evt. bortfall av fellesråd, kan oppgåvene</p>

	delegerast til sokneråd og bispedømmeråd.
<b>7</b> Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå) ?	Svar: Prostinivået er godt innarbeidd og kan vere ein tenleg størrelse for eit fellesorgan. Oppgåver kan óg delegerast frå bispedømmenivå.
<b>8</b> Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordeling en mellom menighetsråd og fellesråd?	Svar: Ansvar for det kyrkjelydsbyggande arbeidet må ligga klart og eintydig i soknet. Dette må definerast tydelegare i lovsform. Eit evt fellesråd/prostiråd opptre med støttefunksjonar vedr. økonomi og eiendomsforvaltning. (jfr Bispemøtet). Virksomhetsansvaret for arbeidet i soknet må framleis ligge hos soknerådet (jfr fleirtal Kyrkjerådet). Det er nødvendig med ei presisering av KL § 14, slik at det blir eintydig at det er soknerådet som legger planar for soknets kyrkjelydsbyggande verksemd.
<b>9</b> Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?	Svar: NEI. Presten må stå i ein eigen ledelsesstruktur til biskopen med utgangspunkt i ansvaret for ord og sakramentsforvaltning (jfr Kyrkjerådet, mindretalsforslag 1B).
<b>10</b> Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?	Svar: Soknepresten kan, men må ikkje bli gitt ansvaret som dagleg leiar i soknet. Dette vil gi best mogleg integrert ledelse i soknet som både integrerer soknerådets og biskopens ledelsesfunksjon. Dagleg leiaransvaret kan

	<p>delegerast til andre, ( jfr soknestørrelse, personlege leiareigenskapar).</p> <p>Ei justert utg av kyrkjeådets sitt fleirtalsforslag 2A (jfr bispemøtet).</p>
<b>11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en framtidig kirkeordning?</b>	<p>Svar: Kyrkjerådet sitt fleirtallsforslag blir støtta. Biskopens tilsynsfunksjon styrkast. Biskopen leier prestetenesta og utøver arbeidsgivarfunksjonar overfor prestane (jfr Bispemøtet).</p>
<b>12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?</b>	<p>Svar: Forutan det som er nevt i pkt 11 medvirkar biskopen i tilsettingsprosessen for prestane. Desse blir tilsett i bispedømerådet. Vidare har biskopen ansvar for kompetanse- og fagutvikling.</p>
<b>13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en framtidig kirkeordning?</b>	<p>Svar: Støttar mindretalsvurdering B om at det bør opprettast eit eige tilsettingsorgan for biskopar (jfr bispemøtet).</p>
<b>14 Bør bispedømerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømerådetts rolle i kirkestrukturen?</b>	<p>Svar: Støttar fleirtallsforslag alt A; Bispedømerådet vert opprettholdt som demokratisk valt organ.</p>
<b>15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømerådet?</b>	<p>Svar: Arbeidsgivaransvar for alle prestestillingar, ansvar for fordeling av presteressursar mellom sokna og ansvar for faglege og administrative støttefunksjonar (jfr Bispemøtet)</p>
<b>16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?</b>	<p>Svar: NEI. Fordelinga av arbeidsgivaransvaret bør vere som i dag.</p>
<b>17 I hvilken grad bør</b>	<p>Svar: Arbeidsgivarfunksjonane</p>



<p>arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).</p>	<p>blir fordelt på organa som i dag.</p>
<p>18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?</p>	<p>Svar: Ut frå geografiske og demografiske hensyn kan det innanfor gitte rammer åpnast for lokale variasjonar og tilpasningar (jfr bispemøtet)</p>
<p>19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatenesta og andre vigslende tjenester?</p>	<p>Svar: Særpreget til alle vigsla stillingar og ordinerte vert best ivareteke på bispedømenivå. Prestetenesta og dei andre vigsla medarbeidarane skal stå under tilsyn av biskopen.</p>
<p>20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?</p>	
<p>21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?</p>	<p>Svar: Som i dag.</p>
<p>22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?</p>	<p>Svar: Mindretalsforslaget 1 B: Bispemøtet vert gjeve ansvar for førebuing, oppfølging og innstilling av lære- og liturgisaker overfor kyrkjemøtet synest å vere best for å ivareta biskopanens oppgåve med å føre tilsyn med læra. Ei slik ordning vil samtidig kunne bidra til sikra myndighetsfordeling mellom sentralkyrkjelege organ.</p>
<p>23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av</p>	<p>Svar: KR sin anbefaling støttes om å gi bispemøtets presesrolla som biskopanens næraste overordna med rett til å gje instruksar og ha</p>

biskopene?	arbeidsgivarfunksjon.
<p><b>24</b> Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?</p>	
<p><b>25</b> Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?</p>	<p>Svar: Oppgaver som i dag er lagt til Lærenemnda vert overteke av bispemøtet (jf. KR fleirtalsforslag A)</p>
<p><b>26</b> Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?</p>	
<p><b>27</b> Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?</p>	

## INNSTILLING

Ingen.

## MØTEHANDSAMING

I møtet var det punktvis avrøysting over dei to svaralternativa som låg føre.

## VEDTAK

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Noverande oppgåve- og myndighetsfordeling mellom dei ulike nivå og organ kan i hovudtrekk vidareførast (jfr fleirtal Kyrkjråd og Bispemøtet). Målet: Styrke det lokale kyrkjelydsliv.

**2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar:

(Vedteke med 10 røyster)

Svar: JA.

Dagens finansieringsordning vil kunne vere med å bidra til høg ansvarskjensle og eit høgt engasjement for lokalkyrkja for dei lokale bevilgande styresmakter (kommunane).

**3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar:

(Vedteke med 10 røyster)

Svar: Livssynsavgift.

Vi er likevel urolige for at ei anna finansieringsordning enn dagens vil kunne true ei ordning med ei landsdekkjande folkekyrkje.

**4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Soknet er grunneininga i kyrkja. Soknerådet må styrkast (brei enighet om) for å ivareta det daglege livet i kyrkja (jfr bispemøtet, Kyrkjerådet)

Støttefunksjonar for soknet som ikkje forutsett fortløpande lokal styring kan sentraliserast til mest tenleg nivå (jfr bispemøtet)

Ein må unngå parallelle, potensielt rivaliserande strukturar i kyrkjeorganisasjonen (jfr bispemøtet).

(Eit mindretal på 1 røysta for:)

Redusere talet forvaltingsnivå til tre. Ved å etablere større einingar på mellomnivå (justert fellesrådsnivå) vil ein mange stader kunne drifte langt meir effektivt enn i dag. Med meir robuste fellesråd vil ein kunne styrke kompetansen og gi moglegheit for auka spesialisering og arbeidsdeling, særleg på forvaltingsområda.

## 5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Soknet skal vere grunnleggande eining. Det bør vidare og på sikt arbeidast vidare med spørsmålet om kva som er ein hensiktmessig størrelse på sokna. Her må og geografi vektleggast og ikkje utelukkande medlemstal pr. sokn.

(Eit mindretal på 1 røysta for:)

Sokn med låge folketal bør i hovudsak slå seg saman. Sokna bør primært ha ein storleik som sikrer at ein kan ha ein profesjonell dagleg leiing. Dersom ein intensjon i å teikne ein ny kyrkjeleg organiseringsmodell har styrking av soknet som eitt av grunnprinsippa, er det avgjerande å setje dei små sokna i stand til å løyse oppgåvene sine. IRIS-rapport 2014/54 «Evaluering av den norske kirkes ordning» har dette som eitt av sine hovedfunn at:

*«Menighetsråd et fremstår som et svakere organ når det gjelder å utøve målsettingene for sin virksomhet, enn hva kirkelig fellesråd gjør. Dette henger sammen med rammer og regler for ressurstildeling i menighetene og hvilke ressurser som menighetsrådet kan disponere. I mange sokn er det dessuten mangel på helhetlig ledelse utøvd på menighetsrådets ansvarsfelt. Mange steder må også mye av oppmerksomheten og de knappe ressurser man har rettes inn mot administrative og forvaltningsmessige oppgaver.»*

I den grad ein skal setje nasjonale kriterier til soknestorleik kan dei rettleiande kriteria kyrkjemøtekomiteén til KM-sak 08/2005 nyttast:

- *Minst 1000 medlemmer i sokn i spreidtbygde strok*
- *Små nok geografiske forhold til at alle normalt ikkje bør ha meir enn 0,5t reiseveg til si kyrkje i soknet.*
- *At det er grunnlag for minst to årsverk i soknet*
- *At den kyrkjelege verksemda i eininga vert omfattande nok, til at ein kan ha tilstrekkeleg frekvens på gudstenestefeiringa og tilfredsstillande kvalitet på t.d. trusopplæringsarbeidet.*

Ei anna utfordring for små sokn fleire stader er å få nok kandidatar til å stå på soknerådslister. Større sokn kan avhjelpe denne problematikken.

## 6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Ordninga med to organ for soknet kan, men må ikkje vidareførast. Viktigast at soknerådet framleis har virksomhetsansvaret for arbeidet i soknet og at eit evt fellesråd har støttefunksjonar for soknet (jfr intensjon Kyrkjelova). Ved eit evt. bortfall av fellesråd, kan oppgåvene delegerast til sokneråd og bispedømmeråd.

(Eit mindretal på 2 røysta for:)

JA.

Soknet treng utvilsomt det heilt nære organet (soknerådet) som skal ha ansvar for det lokale kristelege livet i kyrkjelydane og som kjenner dei lokale tilhøva best, samtidig som soknet treng eit representativt organ (fellesrådet) med noko meir distanse og som samtidig har dei rette styringsinstrument og rett kompetanse til å ivareta øvrige forvaltningsoppgåver.

**7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Prostinivået er godt innarbeidd og kan vere ein tenleg størrelse for eit fellesorgan. Oppgåver kan óg delegerast frå bispedømmenivå.

**8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Ansvar for det kyrkjelydsbyggande arbeidet må ligga klart og eintydig i soknet.

Dette må definerast tydelegare i lovsform. Eit evt fellesråd/prostiråd opptre med støttefunksjonar vedr. økonomi og eiendomsforvaltning. (jfr Bispemøtet). Virksomhetsansvaret for arbeidet i soknet må framleis ligge hos soknerådet (jfr fleirtal Kyrkjerådet).

Det er nødvendig med ei presisering av KL § 14, slik at det blir eintydig at det er soknerådet som legger planar for soknets kyrkjelydsbyggande verksemd.

(Eit mindretal på 2 røysta for:)

Oppgåvefordelinga kan vere omtrent som i dag.

**9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

NEI.

Presten må stå i ein eigen ledelsesstruktur til biskopen med utgangspunkt i ansvaret for ord og sakramentsforvaltning (jfr Kyrkjerådet, mindretalsforslag 1B).

## **10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar:

(Vedteke med 5 røyster)

Der det ut frå medlemstal er grunnlag for dette, bør det vere tilsett ein dagleg leiar som ivaretek ein profesjonell dagleg leiing av soknet si verksemd. I prinsippet kan kven som helst av soknet sine tilsette ha dagleg leiarfunksjon, men det bør normalt ikkje vere soknepresten.

Det mest avgjerande for dagleg leiing i soknet er at dagleg leiar er forplikta på rådets målformuleringar, planar og strategiar. Dagleg leiar må derfor vere tilsett på soknenivå.

Dagleg leiar kan ikkje, ut frå habilitetsomsyn, ha fast sete i rådet. Dersom soknepresten vert dagleg leiar, må ordningsreguleringane ta høgde for dette.

(Eit mindretal på 4 røysta for:)

Soknepresten kan, men må ikkje bli gitt ansvaret som dagleg leiar i soknet. Dette vil gi best mogleg integrert ledelse i soknet som både integrerer soknerådets og biskopens ledelsesfunksjon.

Dagleg leiaransvaret kan delegerast til andre, (jfr soknestørrrelse, personlege leiareigenskapar).

Ei justert utg av kyrkjeådets sitt fleirtalsforslag 2A (jfr bispemøtet).

## **11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Kyrkjerådet sitt fleirtallsforslag blir støtta. Biskopens tilsynsfunksjon styrkast. Biskopen leier prestenesta og utøver arbeidsgivarfunksjonar overfor prestane (jfr Bispemøtet).

## **12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Forutan det som er nevt i pkt 11 medvirkar biskopen i tilsettingsprossesen for prestane. Desse blir tilsett i bispedømmerådet. Vidare har biskopen ansvar for kompetanse- og fagutvikling.

### **13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Støttar mindretalsvurdering B om at det bør opprettast eit eige tilsettingsorgan for biskopar (jfr bispemøtet).

### **14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Støttar fleirtallsforslag alt A; Bispedømmerådet vert opprettholdt som demokratisk valt organ.

### **15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Arbeidsgivaransvar for alle prestestillingar, ansvar for fordeling av presteresursar mellom sokna og ansvar for faglege og administrative støttefunksjonar (jfr Bispemøtet)

### **16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

NEI. Fordelinga av arbeidsgivaransvaret bør vere som i dag.

### **17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Arbeidsgivarfunksjonane blir fordelt på organa som i dag.

### **18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar:

(Vedteke med 8 røyster)

Ut frå geografiske og demografiske hensyn kan det innanfor gitte rammer  
åpnast for lokale variasjonar og tilpasningar (jfr bispemøtet)

**19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til  
prestetjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Særpreget til alle vigsle stillingar og ordinerte vert best ivareteke på  
bispedømenivå. Prestetenesta og dei andre vigsle medarbeidarane skal  
stå under tilsyn av biskopen.

**20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Kyrkjemøtet er det sentrale rettssubjekt sitt øvste (representative) organ.  
Kyrkjemøtet skal som i dag vedta retningslinjer som gjeld heile kyrkja. I  
tillegg bør Kyrkjemøtet vere organet som arbeider inn mot Staten i  
budsjettspørsmål/bevilgningsspørsmål.

**21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal  
settes sammen?**

Svar:

(Vedteke med 9 røyster)

Som i dag.

**22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og  
rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og  
Kirkerådet?**

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Mindretalsforslaget 1 B: Bispemøtet vert gjeve ansvar for førebuing,  
oppfølging og innstilling av lære- og liturgisaker overfor kyrkjemøtet  
synest å vere best for å ivareta biskopenens oppgåve med å føre tilsyn  
med læra. Ei slik ordning vil samtidig kunne bidra til sikra  
myndighetsfordeling mellom sentralkyrkjelege organ.

**23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av  
biskopene?**

Svar:



(Vedteke med 7 røyster)

KR sin anbefaling støttes om å gi bispemøtets preses rolla som biskopanes næraste overordna med rett til å gje instruksar og ha arbeidsgivarfunksjon.

**24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Kyrkjerådet skal som i dag vere Kyrkjemøtet sitt arbeidsutval med delegerte fullmakter og som førebur saker for Kyrkjemøtet.

Kyrkjerådet skal vere sett saman representativt av medlemmer av Kyrkjemøtet, samt ha ein administrativ stab.

Om bispedømmeråda vert lagt ned kan t.d. godkjenningssaker som ligg i bispedømmerrådet verte lagt til Kyrkjerådet.

**25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar:

(Vedteke med 7 røyster)

Oppgåver som i dag er lagt til Lærenemnda vert overteke av bispemøtet (jf. KR fleirtalsforslag A)

**26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Ikkje vurdert

**27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Ikkje vurdert

---

## **FR 2015/24 Rehabilitering. Kvammen kapell. Val av prosjekteringsløysing.**

### **UTGREIING**

Saka vart lagt fram i møtet.

Soknerådet har fått to tilbod på prosjekteringsarbeidet og byggeleiing for rehabiliteringsprosjektet på Kvammen kapell.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel SWECO AS til prosjekteringsarbeidet på Kvammen kapell i samsvar med innkome tilbud.